

Sjå adresseliste

Dato: 23.08.2017
Vår ref.: 2014/15627-41
Saksbehandlar: arvaasl
Dykkar ref.:

Informasjon til kommunane om møte om innfartsparkering

I regional transportplan for Hordaland 2018 – 2029 er det forankra eit nullvekstmål for persontransporten inn mot Bergen sentrum. Dette er og forankra i gjeldane NTP. Målet er definert som at talet på personbilreiser ikkje skal vekse.

Vidare er det utarbeida ein «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» som syner ei kartlegging av situasjonen slik den var før vedtak i Fylkestinget 11. mars 2015, og foreslår deretter kva prinsipp som skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med innfartsparkering.

Samferdselsavdelinga / Vegseksjonen ved Hordaland fylkeskommune har fått som oppgåve å syte for å starte opp og gjennomføre strategiplanen. Det er difor i mars dette år tilsett ein prosjektleiar på prosjekt «Innfartsparkering».

Som ledd i «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030» er det ein føresetnad at Bergen kommune med omlandskommunane blir engasjerte i den strategiske utviklinga av innfartsparkeringar.

Hordaland fylkeskommune legg difor opp til å møte dei kommunale ansvarlege for å drøfte strategisk utvikling og prosjekter på kort og lang sikt.

Arve Aasland / Prosjektleiar vil i nær framtid ta kontakt for ein presentasjon av planen for etablering av innfartsparkering, samt starte ein konstruktiv samarbeidsdialog med kommunane i utviklinga av disse.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Arve Aasland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste:

Askøy kommune
Austevoll kommune
Bergen kommune
Fjell kommune
Fusa kommune
Lindås kommune
Meland kommune
Os kommune
Radøy kommune
Samnanger kommune
Sund kommune
Vaksdal kommune
Voss kommune
Øygarden kommune